



## Møtereferat

Dato: 24. april 2020

Type møte: Dialog/informasjonsmøte

Tid og stad: 12-14, skypemøte

Møteleiar: Marte Hagen Eriksrud, Alver kommune

Bakgrunn: Søderstrøm etterlyste informasjon om pågåande arbeid med kommunedelplan E39 Flatøy-Eikefettunnelen.

Til stades: Kristoffer Søderstrøm, Ole Petter Søderstrøm, Bjørn Atle Drange (ABO Plan & Arkitektur). Frå Statens vegvesen; Gunn Cecilie Omre, Eivind Kvarevål, Ingelin Garen og Sindre Lillebø. Frå Norconsult: Lars Roald Kringeland og Fritjof Stangnes. Frå Alver kommune, plan og analyse; Trude Langedal og Marte H. Eriksrud.

### Agenda:

1. Presentasjon av tiltakshaver/grunneigar sine planer og ønskjer for området
2. Føringar for området i kommunedelplan for Knarvik-Alversund, med Alverstrømmen (vedtatt 15. oktober 2019) – presentasjon av Trude Langedal (prosjektleder for kommunedelplanen)
3. Status for pågåande arbeid med kommunedelplan for E39 Flatøy-Eikefettunnelen – ved Gunn Cecilie Omre og Fritjof Stangnes

### Referat:

- 1. Presentasjon av tiltakshaver/grunneigar sine planer og ønskjer for området**
  - Langvarig prosess å få realisert utflytting av hagesenteret frå Knarvik. Søderstrøm kjøpte arealet for 10 år sia. Bedt om å vente på rullering av kommunedelplanen. Søderstrøm er utålmodige og ber om velvilje til å sikre ein så hurtig som mogleg realisering.
- 2. Føringar for området i kommunedelplan for Knarvik-Alversund, med Alverstrømmen**
  - To sentrale føringar frå kommunedelplanen; båndleggingszone for kommunedelplan for E39 og omsynssone infrastruktur.
  - Båndleggingssona betyr at arbeidet med å detaljregulere området må vente til kommunedelplan E39 er vedteke.
  - Omsynssone infrastruktur betyr at av/påkøyrse til området må avklarast i samband med detaljregulering. Statens vegvesen er skeptisk til etablering av ein ny avkøyrse til området. Må ha tett dialog for å finne fram til ei løysing som vert godkjent av Statens vegvesen.



**3. Status for pågåande arbeid med kommunedelplan for E39 Flatøy-Eikefettunnelen**

- Pågåande arbeid med å utgreie alternativa i vedtekne planprogram. Forventa tidspunkt for oversending av planforslag til Alver kommune er januar 2021.